

Vedtekter for Aurland Bestandsplanområde

§1 Føremål

Bestandsplanområde har som føremål i driva forvaltning av hjortebestanden innanfor området. Dette inneber ei forvaltning av hjortebestanden som tek omsyn til området bereemne (skadepress på skog og innmark), og som sikrar medlemmane sine interesser. Dette skal gjerast i tråd med overordna mål og føringar.

§ 2 Medlemskap

Det er valda som er medlem i bestandsplanområde. Innmelding skjer ved underteikning av innmeldingserklæring. Det skal gå fram av denne kva rettar og plikter som føl medlemskapen. Medlem vert representert av valdsansvarleg representant. Dersom nokon krev det skal arealstorleiken leggjast til grunn ved avstemming. Kwart vald har ei stemme pr. oppfylte 1000 daa. Og godkjent areal.

Utmelding/Innmelding må skje skriftleg til styret i Aurland Bestandsplanområde og innan 31. Desember, og gjeld følgjande år.

Medlem som ikkje fylgjer lovleg fatta vedtak av årsmøte kan ekskluderast etter særleg vedtak.

§ 3 Avgrensing

Bestandsplanområdet er avgrensa slik : Heile kommunen minus vestsida på Nærøyfjorden frå Bakka og nordover. Denne avgrensinga er gjort med grunnlag i kunnskap om hjortens områdebruk (merkjeforsøk og lokalkunnskap)

§4 Styret

Styret i Aurland hjorteutval fungerer som styret i bestandsplanområdet. Desse skal veljast mellom medlemmane, av Årsmøte i Aurland hjorteutval. Styret kan gjere vedtak når minst halvparten av styret er tilstades. Avstemming i styret skjer ved vanleg fleirtal. Styret konstituerer seg sjølv

Styret skal:

- Arrangere årsmøte, legge fram årsmelding og rekneskap, samt koma med framlegg til arbeidsplan og budsjett
- Lage framlegg til bestandsplan for bestandsplanområde.
- Søkje kommunen om godkjenning av bestandsplan på grunnlag av årsmøtevedtak.
- Gje god informasjon til medlemmane om faglege spørsmål og gjennomføre tiltak som styrker medlemmane si kunnskap om fagfeltet.
- Gjennomføre dei vedtak som vert fatta av årsmøte

Det skal førast protokoll over styret sitt arbeid.

§ 5 Årsmøte

Årsmøte skal haldast innan 31. mars kvart år. Det er styret som kallar inn til årsmøte. Berre medleamar har røysterett. Innkalling til årsmøte skal kan vera skriftleg eller epost og skje minst 14 dagar før årsmøte. Saker som medlemane ynskjer å ta opp på årsmøte må vere styret i hende innan utgongen av februar.

Vedtak på årsmøte vert fatta med vanleg fleirtal mellom dei frammøtte med røysterett. endring i vedtektene krev 2/3 fleirtal . Unnateke er endring § 2. Endringar her er ikkje årsmøtesak, men søknad om inn - eller melding om utmelding handsamast og effektuerast av styret.

Årsmøte vert leia av styret sin leiar.

Årsmøte skal:

- Handsame styret sitt framlegg til årsmelding, rekneskap, budsjett og arbeidsplan for kommande år
- Handsame styret sitt framlegg til bestandsplan og årleg avskyting
- Handsame innkomne sakar
- Velje representantar til styret jfr § 4 (Styret), varamedlem, valkomité og revisor
- Rullering av styre

Årsmøte kan ikkje fatte bindande vedtak i saker som ikkje er nemnd i innkallinga.

§ 6 Ekstraordinært årsmøte

Dersom styret eller minst 1/3 del av medlemma krev det skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte. Innkalling til - og sakshandsaming på ekstraordinært årsmøte fylgjer same reglar som for ordinært årsmøte

§ 7 Økonomi

Aurland Bestandsplanområde er ansvarleg for finansiering av eiga drift.